



alle føresette

Referansar:

Dykkar:

Vår: 15/271 - 17/14644

Saksbehandlar:

Kristin Smith

kristin.smith@radoy.kommune.no

Dato:

28.11.2017

Informasjon til føresette jula 2017

Forut-aksjonen

Det er ei stund sidan me hadde Forut-aksjon, og de har kanskje høyrte at me fekk inn 24158,- kr. Me synes dette var eit flott beløp, og takkar alle som var med og bidrog til at det vart så vellukka.

Barnehagen jubilerar 40-år i drift.

Det er i år 40 år sidan Husmorlaget, no Kvinne og familielag, starta barnehage på Manger. Lenge hadde dei ansvaret for drifta, men etter kvart har kommunen overtatt drifta. Likevel har det vore tette band og god støtte og hjelp får laget gjennom tidene. Husmorlaget eig blant anna den eldste delen av barnehagen, og har alltid vore velvillig til utbetring.

Dagen vart markert med kaffi og samvær blant medlemar av Kvinne og familielag, nye og gamle av personalet, kake til borna.

Velkommen til julespel i kyrkja.

Barnehagen skal 11. desember kl. 10.00 i kyrkja. Her vert det vist eit julespel, dvs. juleevangeliet vert dramatisert og det vert sunge julesongar. Ein del av førskuleborna tek del i spelet, med div kostymer o.a. – Har trua på at det vert ei fin oppleving.

Dei borna som ev har fri denne dagen er velkommen til å komma ekstra i denne tida, men då i følge med nokon heimafrå.

Dersom nokon elles i heimane har lyst og anledning for å væra med, er det opent for å ta turen. Det vil berre væra kjekt.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634



RADØY
den grønne øya

Men me vil gjerne at de avtalar med avdelinga korleis ein organiserer seg (t.d. kjem i kyrkja med barnet / barnet skal vera med heim etterpå...) og kven som har ansvar for barnet, osv. – det er også viktig at ein snakkar med barnet om dette, slik at dei er informert, og veit kva forventningar og rammer som ligg til grunn.

Husk likevel at spelet er for borna, slik at ein ikkje plasserer seg sjølv på første benk for å sjå best, og så set det ein liten stakkar bak deg, som ikkje ser meir en ryggen din...

Dersom nokon av ulik grunn, ønskjer å reservere seg / barnet frå å delta i julespelte / besøk i kyrkja, ber me om at de tek kontakt med personalet på di avdeling. Så finn me eit alternativt opplegg til dei det gjeld.

Avdeling Dale har valt, av sikkerhetmessige grunna å ikkje delta. Å kjøre med 9 born (dei eldste) utan godkjend sikring på vinterstid, var meir enn personalet ønska å ta ansvar for.

Men dersom nokon likevel vil delta, er ein sjølvstakt velkommen til å delta med barnet, for så å kjøra til barnehagen og levere etterpå. Her og ber me om at de informerer på avdelinga om det skulle være aktuelt.

Med ønskje om ei fin før-juls-tid.

Med helsing

Kristin Smith

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
alle føresette